

På veg – frå Vestlandet til Østerdalen



Stubsjøen skule, 1984

Hausten 1949 såg eg Nytrøa for fyrste gongen. Eg kom frå Voss, var nyleg ferdig med gymnaset og hadde lyst til å prøva meg som lærar eit år. Eg ville ”langt” – og søkte post ved ein liten skule i Tynset. Dette var ei tid det var mangel på utdanna lærarar, difor laut små, avsides grendeskular ofte ta til takke med studentar.

Så eg hadde fare heimanfrå med nattoget på Bergensbanen og møtte morgonsola på Rørosbanen. Det var

spennande å sjå korleis landet såg ut på desse kantane. Alt var liksom mykje større enn heime. Store gardar, romslege tun med stabbur og matklokker, svære åkrar og enger, men ingen bakkar. Og slett ikkje fjell!

Etter Elverum var det endeleg Østerdalen, den eg hadde høyrte og lese mykje om. Glomma, skogane – ja, sjølve hr. Samuels rike fants om ein berre tenkte seg vidare aust i bygdene. Ein stad der bortom Sjumilsskogane

fants både Ulveslaget, Vesleblakken og Eline Vangen. Heile Rendalen med Jutulhogget og mosegrodde vidder. Brått vart barndomen sine høgtlesingstunder levande, og eg sende ein varm takk til far min som tidleg opna dører inn til bokheimen.

”Naor du no kjem so langt so te Tynset, må du fara te Røros òg å sjao ette An-Magritt sine ferdslveggar”, sa han da eg fór.

I kveldinga steig Tron fram, heilt ulik mine Vestlandsfjell, men eg nikka som til ein gamal kjenning. Endeleg eit fjell å lyfte augo mot.

Tynset stasjon – og så vidare med buss. Undervegs la sjåføren ut om lange snøvintrar, sprengkulde, gamle skulehus og elektrisiteten som visst aldri kom til Nytrøa. Men eg samla meg heller om landskapet utanfor bussglaset.

Der låg grenda eg skulle til, open og vid, omkransa av haustfarga skog. Kvelden kveikte sine små og store stjerner på ein romsleg himmel. Det blenkte i vatn og glitra i rima mark.

Her var busstopp, posthus og ein blid mann ved grinda. *”Eg er Olaf. Velkomen hit”.* På troppa til eit gult hus sto Goro med to småjenter og bad meg inn til kveldsmat på kjøkenet. Det dura i vedkomfyren, og skinet frå oljelampen over bordet femnde oss alle.

Eg var endeleg framme og kjende meg heime.

Stubsjøen skule

Fra ei dagbok, hausten 1949:

”Ein strålende septemberdag med klår himmel over vakre Nytrøa, står eg ved grinda inn til skuleplassen. Ein grasgrodd plass med blåklokker og brisk og ei rak flaggstong.

Eit lågt skulehus med ruta vindaugo. Vegg i vegg er lærarbustad der raudmålinga er noko merkt av alder og hardt ver. Attanfor ser eg vedskåle og do, oppunder skogen ein sveivebrunn. Dette er Stubsjøen skule.

Med bankande hjarte let eg opp døra til skulestova. Der kjem alt imot meg på ein gong: Frisk lukt av nyvaska treverk, solstrålar over slitne tomanns-pultar, eit høgt kate-ter (nesten som ein talarstol) som er pynta med brisk og ljøs. Og der ei tavle, eit skåp, ei vedkasse og vassbytte attved blankpussa omn, hylle med radio og globus. Mellom vindaugo orgel med koralbok. (Eg kan ikkje noter). På veggen bilete av Eidsvoll-karane, Grunnlova, kong Haakon ved bjørka i 1940 og eit flott foto av hoppe med føl. Det kjennest mest som ei høgtid å stå i romet der eg skal vera lærar for fyrste gong i mitt liv.

Og der, midt i solstrima står elevane, åtte i alt. Helser og smiler litt sjenerte og engstelege, nett som eg sjølv. No er det berre dei og eg ein heil haust, vinter og vår. Er eg budd til dette, til slikt arbeid og ansvar åleine? Kva var det det far min sa? ”Hugs du skal ve gartnar, vyrdsle fint om plantane dine!”

Så langt denne dagboksidea. Seinare kjem fleire.

Vinter 1950

”Mange gonger denne vinteren har eg tenkt: Kan det finnast kjekkare ungar, greiare ele-var enn desse åtte? Dei er så lærelystne og positive til alt på skulen. Så snilde og tillitsfulle. Så mykje dei kan om natur og dyreliv, om arbeid og praktiske ting. Undervisninga mi held vel ikkje alltid mål. (Tenk om ein skikkeleg lærar hadde høyrte meg stundom!) Men ungane ber over med ei lærarinne som er usikker av og til.

Og så er dei verkeleg hjelpsame! Ber inn ved og vatn når det trengst, sagnar og hogg og ingen er skadde hittil. Mokar snø og trak-

kar veg. Men elles er Kirsti vår gode hjelper, vaskar og fyrer og gjer det triveleg foss oss frå morgonen av”.

Eg trur desse elevane vart svært sjølvstendige i arbeidet, slik dei ofte vert når fleire årskull går saman. Hjelpesråder utanom lærebøkene var det lite av, men eg hugsar det var nokre fysikkgreier i skåpet. Og sjølvsaft skulebibliotek! Det var velbrukt og me las både høgt og lågt for kvarandre.



Jentene. Bak: Unni Evensen, Gerd Evensen. Framme: Anne-Kari Kleppo, Grethe Evensen, Signe Evensen, pluss ein liten gjest.

Framleis kan eg hugsa kva glede det var å møte desse borna. Dei var frå kvar sin kant, nokre med lang veg, sume med kortare. Det var Grethe og Sigrun Eevensen, Anne-Karin Kleppo og Bjørn Skårsmoen i småskulen. I stor-



Gutane: Gunnar Estensmo, Bjørn Skårsmoen, Magne Norin.

skulen gjekk Gerd og Unni Evensen, Gunnar Estensmo og Magne Norin.

Eg trur dei åtte elevane var som ein stor syskenflokk som kunne leika og krangle, samstundes som dei heldt saman og hadde omsut for kvarandre. Det var òg lett å skjønna at heimane heldt av skulen sin og fylgde godt med.

Sidan Stubsjøen skule hadde berre åtte elevar, skulle han vore u-delt dette året. I praksis ville det seia at alle borna burde vore samla, uansett kva klassetrinn dei hørte til i, og slik gått i lag annankvar dag. Men då ville lærarposten vore halv, med tilsvarande halv løn. Skulestyret i Tynset hadde gjort eit raust vedtak med sitt tilskot til to-delt skule. Eg kunne difor gå skuleåret ljost i møte, når det gjaldt både meg og den tome lommeboka etter han bestefar!

Visst var det enkelt for ein lærar å

ha berre fire elevar kvar dag, om dei var på ulike klassetrinn. Sumt kunne dei samarbeida om, og det var mangt å finna på ute og inne. Me hadde mykje glede og nytte av skulekringkastinga sitt varierte program. Og så festelege Peder Morset sin klasseromsgymnastikk mellom pultar og hoppande blekkhus. Elles var mykje kroppsøving ute i fri natur under skiftande verlag. Då vårssola kom, kunne me ha timar ute på troppa. Det hende smålamma frå nabolaget kom og hørde på.



Snøen kring skulen var velbrukt. Men 16. mai ville storskulen gjera plassen is- og snøfri og gjekk laus med hakker og spade. Likevel – plassen var kvit 17. mai. Det snødde tett då flagget vart heist, og så for me til Tynset med heimelaga fane for å gå i tog med påfylgjande kyrkjegang.

Våren var i vente, fjellbygdvåren. Så vill og vakker og skiftande! Berre ein elev gjekk ut or folkeskulen på Nytrøa denne gongen. Med stort alvor tok han eksamen i norsk og rekning, og krinstyret stilte med vakt dei to dagane. Ein flott sjuandeklassing var ferdig ved Stubsjøen skule.

Så var det skuletur, til Røros og Falk-



Fana til Stubsjøen skule.

berget sitt rike. Me vandra mellom slagghaugar og hus, kleiv tårnet i Bergstadens Ziir der presten Sigismund også hadde prøvd seg. Og såg me ikkje ein skimt av An-Magritt bortpå Ratvolen, ja kanskje trødde me i hennar spor? Eg kjølte andlet og hender i Rugelsjøen og ”tenkte på far min” og alle dei ”som bar en stjerne i sitt hjerte”.

Så var skuleåret slutt.

Lærarbustaden

Det var lett skuleveg for den som budde vegg i vegg med klasserommet. Ut ei dør, bort eit par steg og inn ei anna dør. Bustaden som fyrst hadde vore skulestova og difor var eldst av desse to bygningane, hadde gang, stove og kjøkken.

Eg greidde meg med stova. I dagboka skriv eg:

”Her har eg alt eg treng: Divan, bord, sjølvlagd bokhylle, gyngestol, vassbytte og

god vedaomn med vedkasse. Når kulden smell i veggane, kakaoen kokar og radioen kjem med sitt laurdagsprogram, ynskjekonsert og høyrespel, (litt nifst) – då er det helg! Kjem det brev og avis frå heime, har eg lesestoff ei stund. Kan då nokon ha det betre attved parafinlampa enn eg?

Når det er klårvær og måneskin, ja, då er her opplyst nok! I kveld ligg snøen lakenkvit over heile Nytrøa, og Rødhø ris flott mot himmelen. Attanfor der skal Garborg sitt Kolbotn liggja ved Savalen og Savalguten, hunden Sjappa og så ho Hulda. Kanskje frys ho i kveld?”

Kulden, ja. Det var nok ikkje berre ho Hulda som fraus. Det hende eg kledde på meg i staden for av når eg la meg for natta. Stod snødrevet på glasrutene, kunne eg finna eit lite snøfall i glaskarmen om morgonen. Men slikt laut ein tola. Det skulle vera bra og herda seg. Og her i stova hadde mange opplevd vinterveret før meg.

Utpå nyåret kom strauken. Brått var det ljøs i alle hus. Nesten altfor ljost i klasserom og stove, tykte eg. Mor mi sende kokeplate og leselampe. Og no kom utelampar og tevla med himmel-ljoset. I ungdomshuset ”Demring” vart det ljøsfest med spell og song og pols, pølser og sennep og kaker i fleng!

Snart var hardaste vinteren over. Men i dagboka skriv eg:

”Har eg vorte litt mørkredd? Nei, då, seier eg til meg sjølv og henger sjal over radioen når det er skumle ting på gang inni han. Her ein kveld kika eg under divanen før eg la meg! Slik kan eg aldri seia til nokon. Men eg har henta inn kart frå skulen og hengt opp som rullegardiner for vindaugo mine. Norgeskart for det eine, Palestina, Det Heilage Land for det andre og ”Mål og vekt” for det tredje. Slik kan eg

sanka meg kunnskap om kveldane, seier eg om nokon spør”.

Så kom våren med ljøs natt og dag, paradishopping, ”nippe pinne”, ”bom femti på boks” og fine turar i bjørkeskog med musøyrelaiv.

I dagboka skriv eg kor eg kvier meg til å ta farvel med ungane, folk og natur, ja – med heile Nytrøa som eg har vorte så glad i:

*Stoggar eg ofte ved grinda
som opnar for noko som var*

September 2007

Så står eg på ny ved grinda til skuleplassen. Han er meir attgrodd no, men eg ser ei blåklokke mellom buskene, og nokon har slått graset framom troppa. Skulehuset står der, like traust og trufast som før. Kor mange føter har ikkje trådd her gjennom tidene, kva har ikkje denne plassen, dette huset opplevd?

*År av steg
bortanfor grind og gløymsla,
jamna av jord,
tærde av snø og væte
djupt under nye spor,
søv dei no?
Eller kviskrar dei stilt frå si gøymsla
når vegane kaller til ro?*

Eg stryk med handa over veggfjølør og dør, slik eg gjorde til farvel ein gong for lenge sidan. 58 år er gått – og tida står still ein augneblenk. Det gjer ho også då eg kjem inn i skulerommet. Å stiga over ein sliten dørstokk, koma inn i eit rom merkt av år og levd liv, må det ikkje fylla ein med høgtid og respekt?

Mangt er som før: Orgelet, kart og bileta på veggene, kateret med levande ljøs og briskepynt. Vindaugo har fått gardiner, veggene er glatte, men golvet er visst det same?

Solljoset er der og skin over pultar og folk, mellom dei sit fire av "mine elevar". Det er stort å få møtast att. Åra har fare over oss alle, men me kjenner kvarandre att! Og me skulle så gjerne hatt dei andre fire med i dag.

Det er ei oppleving å vera med på denne opne dagen i "Gammel-Skola" på Nytrøa, få høyra om Stubsjøen skule som no er funnen verneverdig og er teken godt vare på av grendefolk.

Ein gong var krava små. Det spurdest ikkje etter "Kulturelle skulesekker" eller "kulturloft." Men "Gammel-Skola" hadde vel òg plass for kunnskap og kultur som framleis er verneverdige verdiar.

I kveldinga ruslar eg vegen opp i åsen, minnest gonger eg gjekk her på ski eller til fots. Ser mot Rødhøg og Røstvangen, hugsar Godtfred fortelja om "den tida gruva gikk"

Så kveikest stjernene. Det blenkjer i glasa på "Gamel-Skola". Må mange i framtida gå innom grinda og verta minna om dei som levde barndomen sin under heilt andre kår enn born i dag. Kanskje kjenna ein liten takk for alle dei goder me har i dag og tek så sjølvsaugt imot.

*År av steg ropar or djupe grunnen
sender si helsing med ver og vind*

*Men vegen – vegen lever
i draumar ved attstengd grind*

Foto: Signe Finne Seim.
Signe Finne Seim, 5700 Voss



Stubsjøen skule, hausten 2007.

Bak f.v. Magne Norin, Signe Finne Seim, Sigrun Evensen Seim, Anne Karin Kleppo Enget, Berit Norin, May Dagrund Norin Stensbakk, Torveig Kleppo, Oddgeir Enget, Unni Evensen Toven, Hanny Brevad, Karin Stubsjøen, Guri Nessel, Morten Bolstad, Lars Bjerknæs.

Foran f.v. Ulrik Seim Skjærvold, Torill Seim, Mariann Hagen, Anna Hagen Bolstad, Hans Hagen Bolstad, Idun Hagen Bolstad, Oline Stubsjøen, Jorun Stubsjøen, Anita Stølan, Iver Stølan.
Foto: Nordøsterdalsmuseet.